

ÅRSPLAN

Barnas Barnehage

2015 - 2019



Alle barnehagar skal byggja verksemda si på verdigrunnlaget og innhaldet i barnehagelova og Rammeplanen for barnehagen.

Rammeplanen for barnehagen har status som forskrift til Lov om barnehagar. Det vil seie at Rammeplanen sitt innhald ikkje berre er retningsgjevande, men og bindande for alle barnehagar.

Ein barnehage er ei pedagogisk verksemd. Det er gjeve lovmessig ramme for å sikre born gode utvikling og aktivitetshøve. I barnehagen skal barnet få prøva å vidareutvikla det som er grunnlagt heime. Her vert perspektiva utvida, borna kan få nye opplevingar og utvikla andre nære relasjonar. Borna kan då gjera erfaringar som dei ikkje kan gjera heime.



Innhaldsliste

<i>Barnehagens verdisyn</i>	<i>side 2</i>
<i>Barnehagen sin hovudmålsetning</i>	<i>side 3</i>
<i>Barnehagen sine satsingsområder</i>	<i>side 4</i>
<i>Fagområda i barnehagen</i>	<i>side 10</i>
<i>Planlegging i barnehagen</i>	<i>side 11</i>
<i>Dokumentasjon i barnehagen</i>	<i>side 13</i>
<i>Vurdering i barnehagen</i>	<i>side 14</i>
<i>Barn si medverknad</i>	<i>side 15</i>
<i>Samarbeid mellom barnehagen og heimen</i>	<i>side 16</i>
<i>Overgang barnehage skule</i>	<i>side 17</i>

Barnehagens verdisyn

Alle barn i barnehagen skal oppleve tryggleik, omsorg og glede

Kvifor

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta behovet til borna for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, talejevne, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Borna skal få utfolda skaparglede, undring og utforskertrang. Dei skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Borna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, og anerkjenne barndomen sin eigenverdi. Han skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera eit utfordrande og trygt stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal framme demokrati og likestilling og motarbeida alle formar for diskriminering.» § 1 i Lov om barnehagar

Kva

Barnehagen vil nå verdisynet gjennom å ha:

- Fokus på vaksenrolla

Korleis

For å sikra barnehagens verdisyn skal den vaksne:

- Ha positive relasjonar med borna kvar dag.
- Aktive og deltakande vaksne i barns leik og andre relasjonar.
- Sjå og framheva det positive i kvart enkelt barn.
- Møte barnet med bekrefting, forståing og openheit.
- Gje borna gode meistringsopplevingar.
- Lære borna sosiale ferdigheter, kunnskapar og haldningar som gjer dei rusta til og fungera i dagens samfunn.
- Skapa eit språkleg miljø der barna få delta aktivt
- Støtte og anerkjenne bornas danning
- Vise vilje og kompetanse til ekte innleving og respekt for kvart enkelt barn.
- Heile tida vurderer eigen veremåte i samspel med borna.
- Ha ei bevisst haldning til omsorgsarbeidet, slik at me på ein profesjonell måte sikrar at alle får den nærleik, varme, merksemd, vern, oppmuntring - og dermed den tryggleiken barn har krav på.
- Arbeid med at alle barn lærer å sjå på seg sjølv og kvarandre som ressurspersonar.
- Dela opp i smågrupper for å kunne styrkja samhaldet, og tryggleiken blant borna.
- Anerkjenne kvart enkelt barn ut i frå eins unike personlegdom og livssituasjon.
- Vera medvit i å svara barna på ein respektfull måte når dei spør, dessutan grunnkje svara godt for dei.
- Vera medvit våre verdiar som skal prega oppseding vår.



Gleden er som et ljostenner du det for andre
skin det tilbake på deg sjølv.



Barnehagens hovudmål for 2015 – 2019

«Ein, to, tre – alle får vera med»

Kvifor

Barnehagen ser på språkleg og sosialkompetase som dei viktigaste eigenskapane eit born kan ha. Å få vener, og å "få verta med" er noko av det viktigaste i oppveksten. Det vert kravt sosiale ferdigheter for å delta i samspel, og det er naudsynt å utvikla sosiale ferdigheter for å fungerer i samspel med jamnaldrande. Språk er avgjerande for læring, sosiale relasjonar og vennskap. Evna til å bruka språket er avgjerande for korleis barn kan kommunisera med vaksen og andre barn, korleis dei kan setja ord på erfaringar, fortelja noko viktig, diskutera og reflektera saman med andre.

Den grunnleggjande utviklinga innanfor språk og sosial kompetanse skjer i barnehagealder, og den utviklinga som skjer her er avgjerande for korleis barnet i seinare alder vil kunna vera ein deltakar i eit demokratisk samfunn som er mangfaldig, uoversiktleg og i rask endring.

Kva

Barnehagen vil nå hovudmålsettinga gjennom å ha:

- Fokus på vaksenrolla
- Barnehagen sine satsingsområder
- Høg kvalitet på kvardagsaktivitetar
- Smågruppe
- Høg kvalitet på relasjonar mellom barn – vaksen
- Leik
- Nytt naturområda og utemiljøet

Korleis

Barnehagen har vald ut 6 satsingsområder som skal prega den vaksen sitt arbeid, aktivitetar som vert tilbydd, organisering av kvardagen og plandokumnetta.

Desse 6 områda er:

- Sosial kompetanse
- Språk
- Matematikk
- Barnekultur
- Rutinesituasjonar
- Leik

Gjennom å ha fokus på dei 6 satsingsområda vil barnehagen sikra at borna får erfaringar med å styrka den sosiale kompetanse sin på fleire arena og i relasjon med forskjellige menneske. Borna vil samstundes få erfaring med og kunnskap om forskjellige typa språk, f.eks. mattespråk, kjenslespråk, konfliktløysingsspråk, eventyrsspråk, leikespråk m.m.

Barnehagen stiller forventingar til den vaksne sitt arbeid innafor kvart satsingsområde, der barnehagen seier noko om korleis dei vaksen skal arbeide. Dette kjem til syne i periodeplanane

Personalet må vurdere sitt eige arbeid utifrå dei forventingane som er stilt til dei gjennom periodeplanane. Denne vurderinga legg grunnlaget for rettleiing av personalet.



*Nasse: Hvordan staver man kjærlighet, Brumm?
Brumm: Man staver ikke kjærlighet, man føler det.*

Barnehagens satsingsområde 2015 – 2019

Sosial kompetanse

Kvifor

Det å utvikla sosial kompetanse er kanskje den viktigaste eigenskapen for alle menneske. Alle er me ein del av eit fellesskap, og me må forholde oss til andre menneske gjennom heile livet. Tidlege erfaringar med jamaldringar er svært viktig for samspelsevne og gjer barnehagen til ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av venskap. Alle barn i barnehagen, uavhengig av alder, kjønn, etnisk bakgrunn og funksjonsnivå, må få likeverdige høve til å delta i meningsfylte aktivitetar i ein fellesskap med jamaldringar.

Kva

Barnehagen vil arbeida med sosial kompetanse gjennom å ha:

- Fokus på vaksenrolla
- Barnehagen sine satsingsområder
- Høg kvalitet på rutinesituasjonar
- Smågruppe
- Høg kvalitet på relasjonar mellom barn – vaksen
- Leik
- Metodeopplegget Steg for Steg
- Nytte utemiljøet og naturen

Korleis

Barna skal i løpet av perioden få erfaring med og kunnskap om:

- Kva ulike kjensler har mennesket?
- Korleis kan eg hevda meg sjølv på ein positiv måte?
- Korleis kan eg løysa ein konflikt?
- Kva er eit godt samarbeid?
- Korleis kan eg kontrollera meg sjølv, slik at dei handlingane eg utføra verkar positiv på andre?
- Korleis kan eg visa omsorg og empati mot andre?
- Korleis kan eg ta ansvar for mine eigne handlingar?
- Korleis kan eg etablere eit venskap?



Språk

Kvifor

Språket er grunnleggjande som kommunikasjonsmiddel og kan difor påverka synet til eit barn på seg sjølv og omgivnadene. Den språklege utviklinga har òg tyding for korleis barnet utviklar seg på det motoriske, sosiale og emosjonelle området. Ein dag i barnehagen består rutinesituasjonar der borna kan bruka språket aktivt, og eit godt språkstimulerande miljø er prega av at personalet brukar språket i samspel med borna heile dagen. Det meste og viktigaste av språkstimuleringsarbeidet i barnehagen skjer gjennom slike rutinesituasjonaraktivitetar, og ulike innfallsvinklar og metodar kan eignast til å engasjera borna i språklege aktivitetar. Arbeidd med språk i barnehagen skal vera kunnskapsbasert, reflektert, planlagt, grunngjeve, organisert, målretta og heilskapleg.

Kva

Barnehagen vil arbeida med språk gjennom å ha:

- Fokus på vaksenrolla
- Barnehagen sine satsingsområder
- Høg kvalitet på rutinesituasjonar
- Smågruppe
- Høg kvalitet på relasjonar mellom barn – vaksen
- Leik
- Metodiske opplegg som språklege, snakkepakken, språksprell, språkkista.
- Nytte utemiljøet og naturen

Korleis

Borna skal i løpet av perioden få erfaring med og kunnskap om:

- Eit mangfald av språklege symbol; orda er symbolet vårt. Det vil sei at dei viser noko i omverda. Sjølve ordet har både ei uttrykksside og ei innhaldside. Uttrykkssida er korleis ordet vert uttrykt i talen/skrift, medan innhaldssida er kva ordet tyder.
- Eit mangfald av språklege omgrep; kva enkelt av oss forstår med ordet, altså dei indre førestellingane vi får når vi høyrer eller les ordet.
- Språkleg medvit;
 - Når og kvifor rimar ord?
 - Korleis kan ord delast opp i fleire stavingar?
 - Korleis kan ein setja ord saman til å vera eit nytt ord?
 - Kva er lydane i eit ord?
 - Korleis kan ein kategorisera ord i forskjellige grupper?
 - Korleis kan ein setja ord saman til ein setning?
- Samtalekompetanse
- Forteljar glede
- Faste bøker som borna får kjennskap til gjennom høgtlesing, dramatisering, power point, flanellograf mm
- Faste songar, rim og reglar
- Skriftspråk

***Bøn til deg som skal læra med å lesa!
«Leik med meg, fortel med, lær meg rim og regler!
Lær meg songar, lær meg eventyr,
Snakk med meg!
La med få mima og dramatisera!
Lytt til det eg har å fortelje!
Lær med kva som er vent og trygt!
Vis med kva kjærleik er!
Før du veit ordet av det,
Kan eg vera eit barn som les!»***

Matematikk

Kvifor

Barn er naturleg opptekne av matematikk. Dei vil finne ut kven som er størst, kven som hoppar lengst, kven som er eldst. Dei samanliknar og måler og leiker på den måten med det som faktisk er matematiske omgrep.

Matematikk i barnehagen er altså noko heilt anna enn den gjengse oppfatninga av matematikk som høyrer til på skolen, og som handlar om at ein lærar forklarar pluss og minus, og korleis ein løyser ei likning. I barnehagen er matematikk ein lek. Gjennom lek, eksperimentering og kvardagsaktiviteter utviklar borna sin matematiske kompetanse.

Kva

Barnehagen vil arbeida med matematikk gjennom å ha:


- Fokus på vaksenrolla
- Barnehagane sine satsingsområder
- Høg kvalitet på rutinesituasjonar
- Smågruppe
- Høg kvalitet på relasjonar mellom barn – vaksen
- Leik
- Metodiske opplegg som mattemeisen
- Nytt naturen og utemiljøet

Korleis

Barna skal få erfaring med og kunnskap:

- Talord og teljing
- Lokalisering
- Former og figurer
- Måleeinheiter
- Mengde
- Klassifisering
- Matematiske omgrep



	Barnekultur
Kvifor	<p>Med barnekultur forstår vi her kultur av, med og for barn. Barn deltek i kultur og skaper sin eigen kultur. Barn attskapar sjølve og fornyar kulturen i samspel med kvarandre, med vaksne og med det kulturmøtet dei får med andre menneske og situasjonar. Barn tolkar inntrykka sine og skaper meining ved å leike og gi form til det dei er opptekne av. Kulturskapinga og leiken til barna fremjar kommunikasjon på tvers av kulturar. Barn må få høve til å uttrykkje seg gjennom mange «språk» og kombinere dei i leikande fellesskap og med ulike estetiske uttrykk. Barn som tilhøyrar det samiske urfolket, dei nasjonale minoritetane og etniske minoritetskulturar, må få støtte i å utvikle den doble kulturtilhøyrsla. Når barn møter ulike kulturar og tradisjonar, legg det grunnlaget for respektfull samhandling mellom ulike etniske grupper. Medvit om eigen kulturarv og deltaking i andre kulturar skal bidra til at barn kan setje seg inn i korleis andre har det.</p>
Kva	<p>Barnehagen skal arbeida med barnekultur ved å ha:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fokus på vaksenrolla • Høg kvalitet på rutinesituasjonar • Smågruppe • Høg kvalitet på relasjonar mellom barn – vaksen • Leik • Faste tradisjonar i barnehagen • Nytt nærilmiljøet
Korleis	<p>Barna skal få erfaring med og kunnskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Songar • Rim og reglar • Bøker • Eventyr • Songleikar • Regleleikar • Leik • Samisk kultur • Kulturar frå andre land • Kulturen i nærilmiljøet <div style="text-align: center;">  </div>
Barnehagens satsingsområde 2015 – 2019	

Rutinesituasjonar

Kvifor

Læring hjå barn skjer på ulike arenaer, samt gjennom alt dei opplever og erfarer på desse områda. Læringa skjer gjennom det borna utforskar og undrar seg over. Kvalitet og tryggleik er faktorar som skal prega læringsprosessen til barna. Barn lærer hele tida gjennom erfaringer og gjentakinger, så rutinesituasjonar er like viktige som temaarbeid gjennom planlagde aktivitetar. Fast dagsrytme i barnehagen er viktig for barnet. Han hjelper barnet til å føresjå kva som skal skje etterpå, noko som er med på å utvikle tidsbegrepet.

Kva

Barnehagen skal arbeida med rutinesituasjonar ved å ha:

- Fokus på vaksenrolla
- Barnehagane sine satsingsområder
- Høg kvalitet på relasjonar mellom barn – vaksen
- Fast dagrytme

Korleis

Borna skal få erfaring med og kunnskap om at ein rutinesituasjon er ein lærande situasjon. For at barna skal oppleva at dei er ein lærande situasjon må den vaksen til ein kvar tid vera beviste på sitt arbeid ifht barnehagens verdisyn og hovudmålsetning.


Dei rutinesituasjonane som vi har i barnehagen er:

- Måltid
- Samlingstund
- Vente / kø situasjonar
- Garderobesituasjonar
- Stellesituasjonar
- Leik

Dersom rutinesituasjonane skal vera ein lærande situasjon for borna skal desse innehalde:

- Relasjonsbygging
- Samtale
- Benevning av ord
- Språk aktivitetar som f.eks. riming på pålegg, staving av ord, første lyd i matboks mm
- Læring om barnehagen sine retningslinjer ifht rutinesituasjonane
- Læring av sosiale retningslinjer
- Matematiske aktivitetar som f.eks. samanlikning av storleiken på rødbit, telje agurk skivar, samtale om ulike mønster på fat/koppar
- Ein fast struktur som barna kjenner igjen
- Munnmotoriske aktivitetar
- Song, rim, regler
- Fortelling / lesing
- Dramatisering
- Samtale om dag, månad, årstid, vær mm
- Motoriske bevegelsar
- Øving på sosiale samspelsregler



	Leik
Kvifor	<p>Leiken skal ha ein framtreddande plass i barnehagens kvardag. Leiken er ein viktig del av barne­kulturen, og har ein eigenverdi som skal takast på alvor. Leiken er eit allmen­n­menneskeleg fenomen og er ei grunnleggjande livs- og læringsform som barn kan uttrykke seg gjennom. Leiken har mange uttryksformer og kan skapa forståing og vennskap på tvers av alder og språkleg ulikskap. Ikkje alle barn har kunnskap om leikens reglar, og i slike tilfelle vil ikkje den gode leiken oppstå av seg sjølv. Ved å delta i leik, der grunnlaget for læring og sosial kompetanse vert lagt kan ein òg få opple­va gleder av at gode venns­kaps­relasjonar skapt.</p> <div style="display: flex; flex-wrap: wrap; justify-content: space-around; align-items: center;"> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Eg får oppleva andres perspektiv</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Det er mitt naturlegaste læringsarena</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Eg får kunnskap om barne­kulturen frå andre barn</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Eg får utvikla meg språkleg, fysisk, sosialt og emosjonelt.</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Den har eigenverdi for meg</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Eg kan late som</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Eg kan bruka fantasien min</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px; background-color: #f08080;">DET ER GØY- OG EG GJER DET HEILT FRIVILLEG!</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Eg kjem saman med andre barn</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Eg forbereder meg til vaksenlivet</div> <div style="border: 1px solid black; border-radius: 15px; padding: 5px; margin: 5px;">Leik kan gje med opplevingar av å meistra samspelet med andre barn</div> <div style="text-align: center; margin: 10px;">  <div style="border: 1px solid black; border-radius: 50%; padding: 10px; display: inline-block; text-align: center;"> <b style="color: red;">Kvifor er leik viktig for meg? </div> </div> </div>
Kva	<p>Barnehagen skal arbeida med leik ved å ha:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fokus på vaksenrolla • Tiltrettelegga det fysiske miljøet for den aktuelle barnegruppa og leiken. • Dele opp i mindre leikegrupper, for å lettare delta i leiken, samt få gode observasjonar av enkeltbarn og grupper. • Ha faste rutinar og rammer i barnehagen. • Barn sin medverknad • Tilby borna variasjon i leikeaktivitetar • Tilby borna variasjon i opplevingar • Nytt naturen og utemiljøet
Korleis	<p>Barna skal få erfaring med og kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Leikereglar • Samspelsreglar • Korleis er det å delta i leik med ein aktiv og leikande vaksne • Korleis ein kan leike med forskjellig materiell både ut og inn. For å sikre dette har barnehagen valt å dele leikeaktivitetane inn i periodar. Dette kjem til syne i periodeplanane. • At leiken deira vert satt av tid til og vert respekter og anerkjend. • At leiken er prega av glede og humor • At leiken er ein viktig del av barnehagelivet
FAGOMRÅDENE I RAMMEPLANEN	
Fagområda	Rammeplanen for barnehagar er inndelt i 7 fagområde som alle gir klare

	<p>retningslinjer og krav om kva barnehagedagen skal innehalda, og kva for tema vi skal jobba med. Kwart fagområde dekker eit vidt læringsfelt. Fagområda vil sjeldan opptre isolert. Fleire område vil ofte representerast samstundes i eit temaopplegg og i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet. I sosialt samspel i leik og kvardagsaktivitetar skjer det ofte ein spontan kommunikasjon knyttet til fagområda. At barn får rike, felles opplevingar og del i kunnskapar på mange områder, er òg ein føresetnad for at det skal verta god leik og eit godt samspel mellom borna.</p> <p>Dei 7 fagområda er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunst, kultur og kreativitet • Etikk, religion og filosofi • Kommunikasjon, språk og tekst • Tal, rom og form • Kropp, rørsle og helse • Natur, miljø og teknikk • Nærmiljø og samfunn <p>Barnehagen har vald å knytte dei 7 fagområda inn i satsingsområda til barnehagen. I vekeplanen har barnehagen vald å ha fokus på eit satsingsområde kvar dag saman med rutinesituasjonar. På den måte sikrar barnehagen at kvart fagområde vert dekke i løpet av ein barnehage veke.</p>
<p>Progresjon</p>	<p>Rammeplanen seier at progresjon skal gjerast tydeleg og vert dokumentert i barnehagen. Progresjon tyder å avansera. Det du ikkje får oppleve eller får til i dag, får du til i morgon eller til neste år. Vi ynskjer at borna i løpet av barnehageårene skal få ulike opplevingar og erfaringar, og dei skal læra stadig meir. Alle born er aktive deltakarar, medspelarar og utforskar i eigne liv. Dei vert påverka av omgivnadene sine, og påverkar sjølv. Utvikling og progresjon i småbarnsalder er ein samanheng mellom å tileigna seg kunnskapar og læra seg ferdigheiter. Det er viktig i å påpeika at progresjon er ein prosess - resultat vert ikkje målt. Det er store individuelle skilnader på når barn når milepæler og når dei er klar for ny læring. For oss i barnehagen er det viktig å motivera, læra og inspirera borna til å få nye erfaringar og ny kunnskap - til å få mestringskjensle og tru på at dei kan!</p> <p>Periodeplanane til barnehagen omfattar alle fagområde og barnehagens hovudmålsetning. Dei er delt inn i aldersgruppene 1-3 og 3-6 år. Kwart satsingsområde har eit progresjonsmål for gjeldande periode og aktivitetane som vert gjennomført sikra at ein dekkjer alle fagområda.</p>
<p>PLANLEGGING</p>	
<p>Kvifor</p>	<p>Ein god plan sikrar at målsettingane me har vert ivaretatt samtidig som me jobbar i samsvar med Rammeplanen for barnehagen og Lov om barnehagar. Ein kan sikra at det er god kvalitet på barnehagen sitt arbeid. Ei god planlegging kan bidra til fornuftig bruk av dei menneskelege og</p>

	materielle ressursane ein har tilgjengeleg. Her med tanke på det ein har i barnehagen, nærmiljøet og naturområda. Planlegginga må baserast på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, individuelt og i grupper, på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtale med barn og foreldre.
Kva	I barnehagen planlegg me: <ul style="list-style-type: none"> • Årsplan • Årshjul • Periodeplaner • Vekeplan • Dagsrytmen • Målark • Kompetanseplan
Korleis	<p>Årsplan Barnehagen er gjennom barnehagelova pålagt å utarbeida ein årsplan. Årsplanen skal godkjennast av samarbeidsutvalet og barnehagens eigar. Årsplanen skal gje oversikt over den pedagogiske verksemda, samstundes som den skal skildra satsingsområde til barnehagen. Personale i barnehagen skal bruka årsplanen som eit arbeidsreiskap med tanke på planar og ulike tiltak skal setjast i verk gjennom barnehageåret. Årsplanen vert fastsett av styrer.</p> <p>Årshjul Barnehagen utarbeider årshjul som synleggjer aktivitetar og møteverksemd for barnehagen sitt personale for heile året. Som vedlegg til årshjulet er det utarbeidd innhaldet på møteverksemda i løpet av året. Arbeidet i tilhøve til HMS er også sikra gjennom eit årshjul.</p> <p>Periodeplanar Pedagogisk leiar utarbeidar periodeplanar for eit år omgangen. Periodeplanen skal sikra at arbeidet med rammeplanen, fagområda og barnehagen sin målsetning vert i vareteke. Periodeplanen skal synleggjera: <ul style="list-style-type: none"> • Kva målsetning gruppa/avdelinga har innan for kvart satsingsområde i løpet av perioden. Pedagogisk leiarar som har ansvar for same aldersgruppe må samarbeida om desse, slik at dei vert lik for avdelingane/gruppene. • Korleis den vaksen må arbeida for å nå desse måla. Pedagogisk leiarar som har ansvar for same aldersgruppe må samarbeida om desse, slik at dei vert lik for avdelingane/gruppene. • Aktivitetar som sikrar progresjon for barna innanfor dei ulike fagområda. </p> <p>Vekeplanen Denne vert utarbeid i fellesskap for dei avdelingane som det er naturleg og samarbeide med. Vekeplanen skal sikra at borna får gode utviklingsmuligheiter og opplever tryggleik, omsorg og glede. Vekeplanen skal synleggjera korleis pedagogisk leiare vil organisera veka og borna for å sikra at periodeplanane vert følgt. I løpet av veka skal det etablerast små grupper, og alle borna skal delta i smågrupper. Kva fokusområder dei skal ha og kven som deltek/ansvar på kva kjem til syne i vekeplanen.</p> <p>Dagsrytmen Dagsrytmen i barnehagen er satt saman av ulike aktivitetar og rutinar som gjentek seg, dette skapar tryggleik for barna og dei vaksne. Alle veit kva som skal skje i løpet av dagen. Dagsrytmen vert utarbeida av pedagogisk leiararar utifrå observasjonar av behova til borna, foreldra sin vurderingar og barnehagen sine rammer.</p> <p>Målark Eit målark er eit planleggingsverktøy for personalet. Personalet får ansvar for å planleggja smågrupper og aktivitetar/tilstellingar. Målarket vert også eit arbeidsverktøy dersom det vert nytta vikar. På målarket vert det synleggjort:</p>

- Kva mål dei skal arbeida med
- Vaksenkrava
- Kva aktivitetar som skal gjennomførast
- Kva alder det gjeld og tidsperiode
- Gode løysningar

Kompetanseplan

For at barnehagen skal kunne oppfylle sitt samfunnsmandat og realisere kommunens målsettingar, kreves ein stadig utvikling av kompetansen til alle grupper av tilsette i barnehagen.

Kompetanseplanen går over 4 barnehage år og synleggjer kva områder barnehagen ynskjer å ha fokus på. Denne vert utarbeida av styrarar på bakgrunn av personalet behov/ynskjer og føringar frå stat og kommune.



DOKUMENTASJON

Kvifor

Å setje ord på kvardagen er den beste dokumentasjon. Dette er med på å auka den vaksne si evne til refleksjon over arbeidet som vert utført i barnehagen. Dokumentasjon kan vera eit middel for å få fram ulike oppfatningar og opna for ein kritisk og reflekterande praksis. God dokumentasjon er og

	med på å styrkja kunnskapen og arbeidd til personalet og verksemda til borna i barnehagen, som igjen legg grunnlaget for utviklinga i barnehagen.																		
Kva	I barnehagen dokumenterar me: <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagekvardagen • Gjennomføringa av periodeplanane • Fester/tradisjonar • Her og nå situasjonar • Enkelt barn 																		
Korleis	<p>Personellet til barnehagen skal setja ord på og synleggjera det pedagogiske arbeidde innanfor kvart satsingsområde i periodeplanen. Dei forskjellige satsingsområdene er inndelt i ulike periodar:</p> <table border="1"> <tr> <td>2015 – 2017</td> <td>2015 – 2017</td> <td>2015 – 2017</td> </tr> <tr> <td>Aug – des</td> <td>Jan – mars</td> <td>April – juni</td> </tr> <tr> <td>Språk</td> <td>Rutinesituasjonar</td> <td>Leik</td> </tr> <tr> <td>2017 – 2019</td> <td>2017 – 2019</td> <td>2017 – 2019</td> </tr> <tr> <td>Aug – des</td> <td>Jan – mars</td> <td>April – juni</td> </tr> <tr> <td>Sosial kompetanse</td> <td>Matematikk</td> <td>Barnekultur</td> </tr> </table> <p>Dette skal synleggjerast gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dagsreferat Kvar avdeling / gruppe fortel om noko om opplevingar og aktivitetar som borna har fått i løpet av dagen. Dette kan gjerast i for av skrift, visulet eller munnleg. Dette er til informasjon til foreldra. • Barnas perm Kvart personell skal dokumentar kva aktivitetar og opplevingar deira primærbarn får i forhold til satsingsområde i gjeven periode. Denne dokumentasjonen skal vera tilgjengeleg i borna si perm. Primærkontakten skal også dokumentera barnets først dag i barnehage, bursdag og andre her og nå situasjonar. • Barnehagen sitt fysiske miljø Kvar avdeling / gruppe skal dokumentarar korleis dei arbeidar med dei forskjellige satsingsområdene. Når ein stig inn i barnehagen skal det fysiske miljøet vera prega av det satsingsområdet som barnehagen dokumentarar. <p>Anna dokumentasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Observasjonar og kartlegging av barna • Vurderingar av personalet, både vurdering av seg sjølv og gruppa • HMS • Plandokumenta • Foreldrebrev 	2015 – 2017	2015 – 2017	2015 – 2017	Aug – des	Jan – mars	April – juni	Språk	Rutinesituasjonar	Leik	2017 – 2019	2017 – 2019	2017 – 2019	Aug – des	Jan – mars	April – juni	Sosial kompetanse	Matematikk	Barnekultur
2015 – 2017	2015 – 2017	2015 – 2017																	
Aug – des	Jan – mars	April – juni																	
Språk	Rutinesituasjonar	Leik																	
2017 – 2019	2017 – 2019	2017 – 2019																	
Aug – des	Jan – mars	April – juni																	
Sosial kompetanse	Matematikk	Barnekultur																	



VURDERING

Kvifor	Vurdering er å beskriva, analysa og tolka ein innsats og kva verknader han har. Den vurderinga som vert gjort i barnehagen er viktig for å kunna fornya verksemda og barnehagen som organisasjon. Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande
---------------	---

	<p>organisasjon. Det er viktig at alle deltek aktivt i både gjennomføringa av planar og vurderinga av han. Om vurderinga vert tilgjengeleg for andre kan dette bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen.</p>
<p>Kva</p>	<p>I barnehagen vurderer me:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagekvardagen • Barnegruppa • Periodeplanane og årsplanen • Fester/tradisjonar • Enkelt barn • Kompetanseplanen
<p>Korleis</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnemøte der borna kjem med synspunkta sine på kvardagen og aktivitetar. • Gruppe/avdelingsmøter, personalmøter, pedagogisk leiarmøter der ein jamleg vurderer dagsrytmen, vekeplan og barnegruppa. • Vurdering av periodeplanane: <ul style="list-style-type: none"> - Personalet skal vurderer gjennomføring av sine smågrupper/aktivitetar på målarket sitt. - Pedagogisk leiar vurderer periodeplanane i sin heilhet • Vurdering av vaksenrolla: <p>Personalet skal gjennomføra eigenvurdering av si rolle og sitt arbeid. Dette dannar grunnlag for rettleiing.</p> • Vurdering av helse, miljø og tryggleik vert utført at heile personalgruppa og verneombod og styrar. Dette vert gjort gjennom: <ul style="list-style-type: none"> - Brukarundersøkingar - Medarbeidarsamtalar - Vernerundar <div data-bbox="512 1335 1273 1904" data-label="Image"> </div>
<p>Barnes medverknad</p>	
<p>Kvifor</p>	<p>Medverknad i barnehagen handlar om å gje barna muligheit til å påverka sin ein eigen kvardag og barnehagen si fellestid. Kvart barn skal har muligheit til å påverka kva som skal skje og korleis dei ynskjer at det skal gjennomførast. Borna har rett til å erfare at deira røyst vert teke på alvor og har medverknad i fellesskapet (Bae). Det handlar ikkje om at barna skal få avgjera alt sjølv, men at dei</p>

	har rett til å uttrykke seg og at deira kjensler skal anerkjennast og takast på alvor. Barn har eit mangfald av uttrykksformer for å fortelja korleis dei har det, og det er dei vaksne som er ansvarleg for å tolka og svara barnet på ein anerkjennande måte.
Kva	<p>For å sikra barnehagen skal oppfylle barnets rett til å medverka må den vaksen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sikra at den har positive relasjon til barnet, og at barnet opplever tryggleik i barnehagen • Må vera tilstade i situasjonen med borna (vera pålogga) slik at den kan lytte, samtale, tolke kroppsspråk og observera handlingar som barnet gjer • Må vera aktiv i dialog med barnet og stilla spørsmål som oppmuntrar barnet til å uttrykkje seg. • Må visa anerkjenning for barnet sine uttrykk og kjensler • Må gje rom for ulikskap • Organisera kvardagn slik at det er tid og rom til at barnet kan medverke
Korleis	<p>Dei eldste i barnehagen kan blant anna medverka:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samlingstundar i barnehagen • Ordensbarnet/dagens hjelpar får velja farge på kopp, velja først ved måltid, gå fremst i tauet saman med ein venn, dekkja på bordet, hjelpe til med frukta • Avstemming i gruppa kan avgjera om det vert lang tur eller kor turen skal gå- enkelte dagar når det er lagt opp til slik avstemming. • Velje bøker, songar rim/regler dei vil høyre/lese/syngje • Ved påkledning • I leik • Ved måltid • Vel kvar si bok på bokbussen • På barnemøte vil barna kunne delta aktivt i både planlegging og vurdering. • Målsetning for barnemøte: <ul style="list-style-type: none"> - Barna skal få jamleg høve til å delta i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd. - Barna skal få høve til å velja. - Oppmuntre barna til å uttrykkje sine ynskjer og initiativ. - Oppretthalde retten til yringsfridom som barna har.
	<p>Dei yngste kan blant anna medverka:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ordensbarnet/dagens hjelpar kan få velja blant anna farge på kopp, å gå fremst i tauet saman med ein venn, velja song og tal som skal teljast til • Når barnet veljar eit samtale emne, så lyttar dei vaksne og går i dialog med barnet. • Barna får av og til ynskje song/rim/regle, vi tar gjerne ein song om igjen når barn vil syngja meir, samtalar der vi lyttar til barna i samlingstunden • Barna får velja seg bok dersom dei skal på bokbussen • Leiken skal være frivillig og lystbetont. • Velja bøler, songar, rim/regler dei vil høyra/lesa/syngje. • Velja kva for pålegg dei vil ha, kva for grønnsaker og liknande under måltidet • På undreturar får barna velja kor dei skal gå, når vi skal stoppe for å sjå nærare på noko. Dei får ha med seg nesten kva dei vil tilbake til barnehagen
SAMARBEID MELLOM BARNEHAGEN OG HEIMEN	
Kvifor	Me i barnehagen ser på oss sjølv som eit stort team, der me alle er nøydd til å spela på lag om ein skal skapa den "gode barnehagen" for kvart enkelt barn. Det er foreldra som har ansvar for barneoppsedinga, men barnehagen skal støtta heimane i deira omsorgs- og oppseiingsoppgåva. Dette vil sei at barnehagen representerer eit kompletterande miljø i forhold til heimen. Og foreldra

	og personalet i barnehagen har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna. Det er av stor betydning at foreldra er trygge på at barna trivst i barnehagen og at dei har tillit til dei vaksne som arbeider der.
Kva	<p>For å sikra krava som vert stilt i forhold til samarbeid med heimen skal me barnehagen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ha fokus å oppretthalda god foreldrekontakt gjennom heile barnehageåret. • Vise foreldra at ein byggjer det daglege samarbeidet på gjensidig openheit og tillit. • Respektera den tilbakemeldinga vi får av foreldra, og bringe dette vidare til resterande gruppe slik at alle som arbeidar i barnehagen får lik informasjon om det som er brakt opp • Informera foreldra om verksemda gjennom ulike dokumentasjon barnehagen har • Gje foreldra tilbakemelding om barnet • La foreldra komme med innspel til aktivitetar, song eller interesse barnet har som kan verta inkludert i planlegginga av verksemda.
Korleis	<p>Barnehagen skal leggja grunnlage for eit godt foreldresamarbeid gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hente og bring situasjonar • SU • Foreldrerådet • Foreldresamtaler • Foreldrebrev • Foreldreinformasjon • Dokumentasjon av barnet og barnehage • Festar og tradisjonar

OVERGANG BARNEHAGE – SKULE

Kvifor	<p>Barnehagen skal i samarbeid med skolen, legge til rette for barns overgang frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Dette skal skje i nært samarbeid med heimen til barnet. Overgang barnehage skule kan vera eit kritisk punkt for barnet, da det er mange endringar som skjer. Dei går får å vera eldst til yngst, tette relasjonar som dei hadde til vaksen og barn vert endra,</p>
---------------	--

	nye forventningar vert stilt til dei. Det er derfor viktig at ein er bevist på å ivareta barnets behov for tryggleik i overgangsprosessen, og bidra til at opplæringa tilpassast på en god måte allereie frå første dag i skulen.
Kva	<p>For å sikra krava som vert stilt i forhold til overgang barnehage skule skal me barnehagen</p> <ul style="list-style-type: none"> • Følgja Lindås kommune sine rutinar for overgang barnehage skule • Informasjon til foreldre • Etablere førskuleklubb ein dag i veka
Korleis	<p>Barnehagen skal leggja grunnlage for ein god overgang gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kartleggja barnas ferdigheiter og behov • Samarbeidsmøte mellom skule og barnehage • Barnehagen får besøk av ein lærar som fortel om skulen, gjerne i lag med nokre elevar. • Overgangssamtaler mellom pedagogisk leiar og kontaktlærar ved foreldra si samtykke • Skriftleg dokumentoverføring frå barnehage / skule ved foreldra si samtykke • Barnehagen besøkjer skulen og SFO som ligg i nærmiljøet • Førskuleklubb som har fokus på skuleførebuande aktivitetar • Informasjon på foreldremøter og foreldresamtaler om korleis ein kan førebu barnet på best mogeleg måte. • Snakke positivt om skolestart og støtte barna i overgangen

ALT JEG EGENTLIG TRENGER Å VITE LÆRTE JEG I BARNEHAGEN.
dele med andre. opptre reallt. ikke slå.
LEGG TINGENE TILBAKE DER DU FANT DEM.
rydd opp i ditt eget rot.
ikke ta noe som BE OM UNNSKYLDNING
ikke er ditt. NÅR DU SÅRER NOEN.
VASK HENDENE FØR DU SPISER. skyll ned etter deg
på toalettet. DU HAR GODT AV VARME SMÅKAKER OG KALD MELK.
LEV et balansert liv - lær litt og tenk litt og tegn og mal
og syng og dans og lek og arbeid litt mer hver dag.
TA EN LITEN LUR HVER ETTERMIDDAG.
når du går ut i verden, så se opp for trafikken,
hold hverandre i hendene og hold sammen.
VÆR OPPMERKSOM PÅ UNDER.
husk det lille RØTTENE VOKSER NEDOVER OG PLANTEN
VOKSER OPPOVER, OG EGENTLIG ER DET
INGEN SOM VET HVORDAN, ELLER HVORFOR,
frøet som plantes: MEN SLIK ER VI ALLE SAMMEN.
GULLFISK OG HAMSTERE OG HVITE MUS
OG TIL OG MED DET LILLE FRØET I BOKSEN
MED SKUMPLAST - ALLE DØR. DET GJØR VI OGSÅ.
og husk de første barnebøkene
og det første ordet du lærte **SE.**
- det største av alle ord:

ROBERT FULGHUM